

ÅRSMELDING ÅKRA SOKNERÅD 2020.

Medlemer i soknerådet har vore: Oddrun Berge (leiar og medlem i fellesrådet), Åse Farestveit (nestleiar), Magnhild Furdal (skrivar), Ruth Solveig Årthun Bergane, Erik Johan Furdal (1. vara og vara i fellesrådet), Anne Lise Vågen (2. vara), Sunniva Brekke (3.vara), Bodil Hjøllo Solheim (4. vara og kasserar), Gunnhild Vika Jegteberg (5.vara), Jan Ove Totland (prest og medlem i soknerådet 1. halvdel 2020), Carsten Mrusek (prest og medlem i soknerådet 2. halvdel 2020.)

Soknerådet hadde 4 møte i 2020 og 35 saker vart handsama. Tre av møta har vore på bedehuset pga betre plass med hensyn til smittevern.

2020 vart eit annleis år pga coronapandemien. Dei to første månadane gjekk som planlagt. Me var og så heldige å fa ha årsfest/ årsmøte/ basar på bedehuset 8. mars nokre dagar før det vart nedstengjing. Det var ein fin ettermiddag. Jan ove Totland var med oss og hadde ord for dagen. Basaren gav eit netto resultat til drift av bedehuset på 15555 kr.

Det var 8 gudstenester i 2020. I tillegg ver det 2 eigne dåpsgudstenester, 1 konfirmasjonsgudsteneste, som vart utsett til oktober og ei «open kyrkje» (2. påskedag). Friluftsgudstenesta vart flytta til kyrkja pga dårleg ver. Det vart ikkje gudsteneste julafta, men høgtidsgudsteneste 1. juledag. Det var ei fameliegudsteneste med dåp og utdeling av bok til 4- og 6-åring. Det var ingen eigne trusopplæringiltak i kyrkja. I alt vart 4 born døypte i Åkra kyrkje i 2020. Det var 1 gravferd, som var før restriksjonane kom.

I desember hadde «Klosters Trio» julekonsert, som heite «Fagre Joledag». Tore Kloster song, Solveig Sørheim spela trøorgel og Irene Simonsen spela piano. Det var ei stor oppleving med vakre, kjende julesongar.

Pga ferre gudstenester vart det også mindre, som vart gitt i takkoffer. Ved gudstenestene vart det gitt 7479 kr. Til samanlikning er det omlag halvparten av det, som vart gitt i 2019. Det var eit takkoffer til kyrkjelydsarbeidet på 837 kr. I tillegg vart det gitt omlag 900 kr på Vipps utanom til kyrkjelydsarbeidet. Fasteaksonen til Kirkens Nødhjelp gjekk digitalt. Det vart gitt 3084 kr frå Åkra sokn. Pengane gjekk direkte til KN utanom soknerådskassa.

Dei eldre på 80 år og eldre fekk også dette året ei blomehelsing til jul. Medlemer av soknerådet og andre frivillige fekk levert blomane, men kunne ikkje gå inn.

Åkra sokn fekk ny sokneprest hausten 2020. Det er Carsten Mrusek. Han er sokneprest for Åkra, Ænes og Uskedalen fram til sommaren 2021. I 2020 vart det tilsett ny kyrkjeverje etter Elli Niclasen, som slutta pga sjukdom. Ny kyrkjeverje er Torstein Årthun.

Soknerådet vil takka alle dei tilsette for arbeidet dei gjer for Åkra Sokn. Ei særskilt takk vil me gje til Elli for at han fekk gjennomført oppussing og investering i nytt teppe. Me håpar på at pandemien snart må ta slutt og at me igjen kan samlast utan restriksjonar.

Åkra 30.01.2021

Oddrun Berge
soknerådsleiar